

Nasjonalt nettverk for samfunnsfaga i lærar-, lektor- og barnehagelærerutdanningane

Februar 2019

I dette nummeret

s. 1 Kari-Mette

Walmann Hidle; Lederen har ordet.

s. 2 Nettverksnytt om

konstitueringa av styret + om Nettverkskonferansen 2019 i Halden, 20. og 21. nov 2019

s. 3-5 Årsmøtevedtekne vedtekter for nettverket og vedteken arbeidsplan for 2018-2019.

s. 6-13 Universitetslektor

Peter Mørk; Reportasje fra forskergruppen HIPOLS strategiseminar i Malmø og fakta om forskergruppen *Nytt*

s. 13-14 Disputas Vidar

Fagerheim Kalsås, UiA.

s. 14-15 Komande

konferansar

s. 15-16 Stillingsutlysing frå

Høgskulen i Volda.

Dette nyhendebrevet er redigert av Håkon Rune Folkenborg i samarbeid med Roar Madsen

Frist for innsending av stoff til nr 2 2019 er sett til fredag 10. mai.

Lederen har ordet

Gode kolleger!

Takk for sist på en strålende konferanse i Drammen. Særlig takk til USN for en knakende godt planlagt og gjennomført konferanse, og særlig takk til alle dere som deltok med faglige presentasjoner, kommentarer og paneldeltakelse. Det er et privilegium å delta i et fagfelt med så mye hyggelige folk og rause folk som samtidig har så mye å by på faglig sett. Det er også stas å se at nettverket fortsetter å vokse.

I skrivende stund er våre i kolleger i Halden i full gang med planleggingen for konferansen i Halden i november, og her ved Universitetet i Agder har vi så vidt begynt å tenke på dato og call for 2020. Jeg håper dere er i gang med forsknings og utviklingsoppgaver der dere er, og har frimodighet til å planlegge deltakelse og fremlegg i Halden, slik at vi andre kan få del i det dere gjør. Vi jobber i et felt det er mer enn nok å ta tak i, og her er alle som vil bidra velkommen med!

Siden sist har ekspertgruppen ved Kjetil Børhaug levert sin utredning om barnehagelærerrollen i fremtiden. Rapporten er interessant lesning, og her vil jeg gjerne trekke frem et lite poeng. I oversikten over forskning på barnehagen fagområder, har Børhaug et al funnet fem – 5 – samfunnsfagdidaktiske arbeider. Selv om forskning samfunnsfaglige områder som gjelder barnehagen som helhet, slik som demokratisering og mangfold, kommer i tillegg, sier dette noe om behovet for samfunnsfagdidaktisk forskning på barnehagefeltet fremover. Det er derfor gledelig å se at barnehagefolk slutter seg til nettverket vårt, og det er god plass til flere.

På årsmøtet meldte styret at vi vil jobbe med videreutvikle nettverket gjennom nettside, nyhetsbrev og Facebookprofil. For å kunne bruke disse arenaene til å spre informasjon om utlyste stillinger, interessante konferanser og annet, er vi avhengige av dere. Vi håper derfor dere vil holde kontakt med oss. Vi som er i styret, vil gjerne ha jevnlig kontakt med dere som jobber i den regionen vi er valgt for – og på den måten styrke nettverkets funksjon.

I forbindelse med årsmøtet har styret konstituert seg på nytt. Roar Madsen har gjort en stor innsats som leder og ønsket avlastning. Han er nå nestleder, mens undertegnede har tatt over ledervervet. Erlend Eidsvik har i tillegg til medlemsansvaret påtatt seg å være sekretær. Håkon Rune Folkenborg er ansvarlig for nyhetsbrev, men Heidi Biseth er fortsetter som ansvarlig for nettsidene.

Vi ser frem til å høre fra dere!
På vegne av styret

Kari-Mette Walmann Hidle
Leder

Nettverksnytt

Det fyrste årsmøtet for nettverket (2017) slo fast at styret skulle ha representasjon frå regionar, definert som nord, midt, aust, sør og vest. Dette er seinare formalisert i lovene for nettverket.

Nettsidene til nettverket har adressa: <http://www.samfunnsfag.net/>
Nedanfor ser du oversyn over konstitueringa/arbeidsdelinga i styret frå årsmøtet 2018 til årsmøtet 2019.

Leiar: **Kari-Mette Walmann Hidle** er fyrsteamanuensis ved Institutt for sosiologi og sosial arbeid, Universitetet i Agder (region sør). E-post: kari.m.hidle@uia.no. Tlf: 38142042

Nestleiar: **Roar Madsen** er fyrsteamanuensis ved Institutt for Lærarutdanning, Noregs Teknisk-Naturvitenskaplege Universitet (region midt). E-post: roar.madsen@ntnu.no. Tlf.: 73412794 (arbeid).

Ansvarleg for nyhendebrief: **Håkon Rune Folkenborg** er fyrstelektor ved Institutt for Pedagogikk og Lærarutdanning, Universitetet i Tromsø – Noregs Arktiske Universitet (region nord). E-post: hakon.folkenborg@uit.no. Tlf: 77660438 (arbeid).

Ansvarleg for nettside og for nettverkskonferansen 2019: **Heidi Biseth** er fyrsteamanuensis ved Institutt for kultur, religion og samfunnsfag, Høgskolen i Sørøst-Norge (region aust). E-post: Heidi.Biseth@usn.no. Tlf: 31008772 (arbeid).

Ansvarleg for medlemskap/organisasjon: **Erlend Eidsvik** er fyrsteamanuensis ved Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag, Høgskulen på Vestlandet (region vest). E-post: Erlend.Eidsvik@hvl.no. Tlf: 55585790 (arbeid).

Tips om stoff til eller ferdigformulerte bidrag i komande nyhendebrief/på nettsida vår, er hjarteleg velkomne til Heidi Biseth (nettsida) eller Håkon Rune Folkenborg (nyhendebrief). Tips gjerne om stillingsutlysingar, bok- eller artikkelutgjevingar, disputasar, konferansar eller forskingsprosjekt de gjerne vil ha fleire samarbeidspartnarar til. Det er lov til å bruka nettverket til den typen «kontaktannonse»... Synspunkt – risande eller rosande – eller framlegg til saker nettverket bør vera (meir) opptekne av, er sjølvsagt både hjarteleg velkomne, og ikkje minst heilt nødvendig, når nettverket etterkvart skal «finna seg sjølv» og si «form».

Kunngjering:
Nettverkskonferansen 2019
vert i Halden (Høgskolen i Østfold), 20.-21. november 2019. «Grenseløs læring – samfunnet i en digital virkelighet.»

Hvordan vil digitalisering påvirke lærerutdanningene og samfunnsfagene mot år 2025?»

Sjå nettsidene våre
<http://samfunnsfag.net/konferanse.html> for løpande oppdatering om konferansen.


Merk deg at det er frist for påmelding av abstracts til denne konferansen 15. mai, det vil seia før neste nyhendebrief vert sendt ut.

Foto under: Høgskolesenteret på Remmen i Halden. Fotograf:

Bård Halvorsen -
<http://no.wikipedia.org/wiki/Fil:Høgskolesenteretihalden.jpg>



Roar Madsen



Kari-Mette W. Hidle



Håkon R. Folkenborg



Erlend Eidsvik



Heidi Biseth

VEDTEKTER FOR NASJONALT NETTVERK FOR SAMFUNNSFAGA I LÆRAR-, LEKTOR- OG BARNEHAGELÆRARUTDANNINGANE. VEDTEKNE PÅ ÅRSMØTET 28. NOVEMBER 2018 I DRAMMEN

Del I: Føremål

§ 1: Nasjonalt nettverk for samfunnsfaga i lærar-, lektor- og barnehagelærerutdanningane (i kortform berre Nettverket for samfunnsfaga i lærarutdanningane) har til føremål å fremja, god forskning, undervisning og formidling innanfor dei ulike samfunnsfaga og i samfunnsfagdidaktikk i lærarutdanningane for barmehage, grunnskule og vidaregåande opplæring. Det er ei særoppgåve for nettverket a) å fremja utvikling av ein velfungerande, kritisk og konstruktiv fagoffentlegheit i og for desse fagområda og b) å bidra til å sikra eller utvida den plassen våre samfunns- og humaniorafag har innanfor barnehage, grunnskule, vidaregåande skule, og i høgare utdanning.

§ 2: Nettverket tek til vanleg ikkje stilling til fagpolitiske kontroversar eller til bestemte perspektiv, teoriar, synsmåtar eller forskingsmetodar. Nettverket skal derimot freista å leggja til rette for å utvikla diskusjonen om slike spørsmål i fagmiljøa.

§ 3: Praktiske føremål for arbeidet i nettverket er a) å styrkja informasjonsflyten mellom fagmiljøa ved å gje ut 3-4 årlege nyhendebrev, drifta nettsider og engasjement på sosiale media b) å organisera nettverkskonferanse for forskning og formidling kvart år, med medlemmer ved ein eller fleire institusjonar som praktisk ansvarlege og ansvarlege for fagleg innhald c) å organisera årsmøte for medlemmene i samband med nettverkskonferansen d) samarbeida med utdanningsstyresmakter, andre styresmakter, institusjonar, organisasjonar eller økonomiske støttespelarar i saker/om tiltak som fremjer føremåla i § 1.

Del II: Medlemsskap

§ 4: Medlemskap er ope for a) alle som arbeider med eit eller fleire samfunnsfag i lærarutdanningar for barnehagar, grunnskular og vidaregåande skular b) alle som ynskjer å bidra med eller til relevant og god forskning, undervisning eller formidling innanfor samfunnsfaga eller samfunnsfagdidaktikken.

§ 5: Registrering som medlem skjer ved e-post til ansvarleg for medlemsskap i styret (sjå <http://samfunnsfag.net/kontakt.html>). Alle medlemmer står på oppdatert e-postliste, og mottek nyhendebrev og andre relevante utsendingar på denne lista.

Del III: Årsmøte og val

§ 6: Årsmøtet arrangerast som del av nettverkskonferansen. Styret har ansvaret for innhaldet på denne delen av konferansen. Årsmøtet kunngjerast samstundes med nettverkskonferansen på nettsidene og i nyhendebrev.

§ 7: Alle medlemmer har møte-, tale-, framleggs-, og røysterett på årsmøtet.

§ 8: Årsmøtet inneheld a) kort melding frå styret om arbeidet i året som gjekk b) vedtak om komande nettverkskonferanse, om andre arbeidsoppgåver og eventuelt om rekneskap/økonomi og medlemspengar c) val av styre og leiar med varamedlemmer etter framlegg frå valnemnd og val

av valnemnd d) Årsmøtet skal gje medlemene høve til å kommentera og diskutera styrearbeidet og sakene som er oppe til førehaving.

§ 9: Saksliste til årsmøtet sendes til alle medlemmer i nettverket på e-post ein måned før årsmøtet.

§ 10: Årsmøtet vel ein ordstyrar, ein møteskrivar til vedtaksreferat, to til å skriva under møteboka og ein ettersynsperson som leverer tilråding om godkjenning av rekneskap og eventuelle merknader til rekneskapen. Årsmøtet kan og vedta at ein av institusjonane (etter avtale) tek på seg eventuell rekneskapsføring.

§ 11: Alle vedtak, med unntak for endring av vedtektene, gjerast med simpelt fleirtal. Vedtektsendring krev to tredels fleirtal. Årsmøtet kan likevel vedta full vedtektsrevisjon på eit årsmøte med simpelt fleirtal og vedta dei nye vedtekter med simpelt fleirtal på komande årsmøte.

§ 12: Styret skal ha fem medlemmer og fem varamedlemmer, ein medlem og ein varamedlem frå kvar region.¹ Valnemnda skal syta for forsvarleg kjønnsbalanse. So langt det er mogeleg, bør styremedlem og varamedlem frå ein region koma frå ulike institusjonar.

§ 13: Alle styreval er for to år. Tre medlemmer er på val det eine året, to det neste året. Varafolka har same valperiode som den faste dei er vara for. Styret konstituerer seg sjølv.

§ 14: Valnemnda skal ha fem medlemmer, ein frå kvar region, og skal kunngjera tilrådinga si i siste nyhendebrief føre årsmøtet. Styret lagar framlegg til valnemnd.

Del IV: Organisasjonsregistrering og prinsipp for økonomien

§ 15: Nettverket skal vera registrert som foreining i Brønnøysundregistra og ha eigen bankkonto, der styrevedtak gjev fullmakt til å disponera denne.

§ 16: Nettverket er ei ideell foreining som ikkje genererer fortjeneste.

§ 17: Nettverket (årsmøtet) kan gjera vedtak om medlemspengeordningar og medlemspengesatsar for einskildpersonar og/eller for institusjonar gradert etter talet på tilsette.

§ 18: Styret søkjer om økonomisk støtte drifta av nettverket, herunder ogso til nettverkskonferansen (med unntak for støtte frå den eller dei lokale

§ 18: Styret søkjer om økonomisk støtte drifta av nettverket, herunder ogso til nettverkskonferansen (med unntak for støtte frå den eller dei lokale arrangørinstitusjonane). Styret sender søknad om støtte til nettverkskonferansen i samarbeid med den/dei lokale arrangørane.

Del V: Oppløysing av foreininga

§ 19: Nettverket som ei juridisk foreining kan berre bli vedtatt oppløyst på årsmøtet. Det krevst to tredels fleirtal blant dei som stemmer på årsmøtet for eit gyldig vedtak om oppløysing.

§ 20: Overskot eller inneståande middel ved opphøyr skal nyttast til konferanse som bidreg til føremåla som er gjort greie for i § 1.

Note til § 12: 1 Region nord: Samisk Høgskole, Norges arktiske universitet - Universitetet i Tromsø og Nord Universitet. Region midt: NTNU og Dronning Mauds Minne Høgskolen. Region vest: Høgskulen i Volda, Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Bergen og NLA Høgskolen Bergen. Region sør: Universitetet i Stavanger og Universitetet i Agder. Region aust: Universitetet i Sørøst-Norge, Universitetet i Oslo, OsloMet - Storbyuniversitetet, MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn, Høgskolen i Østfold, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU), Høgskolen i Innlandet og NLA Høgskolen Oslo.»

Vedtektene ovanfor byggjer på toårige styreperiodar. For å unngå at alle styremedlemer er på val annkvart år, fastsette årsmøtet at det skal gjennomførast val av representant pluss vara for **tre** regionar for ein toårsperiode på årsmøtet 2019. Etter trekking vart det fastsett at dette gjeld regionane vest, sør og midt. For regionane nord og aust vert det då gjennomført val av representant + vara for **eitt år** på årsmøtet 2019. Frå og med årsmøtet 2020 vil då vala for alle regionar vera inne i «toårsturnus».

ÅRSMØTEVEDTAK 2018 OM ARBEIDSPLAN FOR 2018-2019

«I det komande arbeidsåret skal dette prioriterast:

- Organisatorisk og økonomisk institusjonalisering ved oppretting av bank-konto, vedtak om fullmakt til å disponera denne, registrering i foreiningsregisteret (Brønnøysundregisteret) og eksterne søknader om finansiering, og om «timebidrag» til nettverket frå institusjonane styremedlemene er tilsette ved.
- Oppsummering av nettverkskonferansen 2018 og vidareutvikling av konferansen i 2019 i samarbeid med dei lokale arrangørane i Halden (Høgskolen i Østfold).
- Gje ut minst fire nyhende-brev i løpet av arbeidsåret, og utvikla dette konseptet vidare, særleg med fleire presentasjonar og nyhendebidrag frå medlemmer ved institusjonane.
- Oppmuntra til å bruka medlemslista til utsending av faglege samarbeids-invitasjonar av ulikt slag.
- Utvikla nettsidene og Facebooksida vidare, og styrkja kunngjeringa av konferansar og spreinga av relevante stillingsutlysingar.
- Styrkja kontakten med Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet.»

HIPOLS i Malmø – Strategisk nettverksbygging og utvikling av forsknings-samarbeid

Av: Universitetslektor Peter Mørk, Skrivesenteret – Institutt for Lærerutdanning, NTNU

Tirsdag 29. januar 2019 satte deler av forskergruppa HIPOLS (Historie, politikk og samfunnsutvikling – se egen omtale av forskergruppen under) kursen mot Malmø for å knytte strategiske bånd til fagmiljøet ved Lärarutbildingen ved Malmö Universitet og for å videreutvikle egne satsinger.

Fra NTNU, Institutt for Lærerutdanning deltok:

Roar Madsen, Samfunnsfag, ILU
Per Overrein, Samfunnsfag, ILU
Jakob Maliks, Samfunnsfag, ILU
Peter Mørk, Skrivesenteret, ILU
Lise Kvande, Samfunnsfag, ILU
Opprinnelig var åtte fra NTNU påmeldt, men sykdom og vikartimer førte til frafall.

I tillegg deltok flere av våre eksternt tilknyttede:

- Stipendiat Helga Bjørke Harnes, Samfunnsfag, NLA Høgskolen Bergen
- Professor Marie Smith-Solbakken, Samfunnsfag, Institutt for grunnskolelærerutdanning, Universitetet i Stavanger
- Professor Hans Jørgen Wallin Weihe, Institutt for pedagogikk – Lillehammer, Høgskolen i Innlandet



Malmö sentrum.

Deltakerne som reiste fra Trondheim tok tog sammen til Værnes, fly via Gardermoen til Kastrup, og lokaltog over Øresundsbroen til Malmø. Etter å ha sjekket inn på Hotell Astoria i Malmø sentrum, avsluttet vi reisedagen med kveldsmat og en liten kveldstur til Lilla Torget. Her hadde vi en kort presentasjonsrunde om egen bakgrunn og ambisjoner for oppholdet i Malmø.

Første morgenen i Malmø samlet gruppa fra Norge oss på campus Orkanen ved Universitetet i Malmø, der det var reservert et møterom for oss. Orkanen er campus for hele lærerutdanningen i Malmø. Her samarbeidet den norske delegasjonen om ulike interne saker og forberedte møtet med det svenske fagmiljøet.



Campus Orkanen, der lærerutdanningen holder til.

Jakob Maliks og Lise Kvande innledet med en økt om strategiske partnere i Norge og Norden. Deretter fulgte en lengre sesjon om prosjektsatsninger for strategiske midler ved NTNU, gjennom Norges forskningsråd og gjennom andre finansieringsmidler.

Oddveig Storstad, Samfunnsfag, ILU, NTNU skulle egentlig være med på turen, men ble forhindret. I stedet deltok hun på neste økt via Skype, og presenterte og diskuterte to hovedideer for prosjekt på litt lengre sikt. Ideene dreide seg rundt norsk og svensk komparativ forskning på fenomener og begreper som elever i rurale og sentrale strøk møter i skolen.

Etter en liten pause, var de tid for en sesjon der Roar Madsen først presenterte et mulig prosjekt om samfunnsfagene i Norden i tid og rom med fokus på læreplaner og læremidler, før Marie Smith-Solbakken avsluttet sesjonen med presentasjon av en ide om prosjektet «Gylne øyeblikk – lærerminnesamling i samfunnsfag.»

Til lunsj forflyttet vi oss til kantina på campus Niagara, som har fått mye medieomtale i Norge i forbindelse med nybyggingen av flere norske universitetscampuser (som blant annet Kalvskinnets). Her ble vi møtt av en representant fra samfunnsfagsmiljøet ved lærerutdanningen på Malmö Universitet. Under måltidet ga han en kort introduksjon om organiseringen av samfunnsfaget og lærerutdanningen i Sverige.



Campus Niagara, med «fleksible» kontorløsninger.

Resten av dagen på Niagara hadde vi flere fellesøkter med ti representanter fra samfunnsfag og religionsmiljøet ved Malmö Universitet. Lise Kvande var ordstyrer under en runde der alle deltakere kort presenterte seg selv, sin kompetanse, erfaringer, forskningsinteresser og eventuelle ønsker om samarbeid på konkrete pågående eller planlagte prosjekt.



Møte med samfunnsfagsmiljøet i Malmø.

Deretter gikk vi over til gjensidig presentasjon av fagmiljøa i Trondheim (GLU ved Jakob Maliks og gamle PLU ved Lise Kvande) og i Malmø. Temaer som ble presentert og diskutert var organisering, forskning og undervisningstilbud. Roar Madsen presenterte også forskergruppa HIPOLS, HIPOLS' organisering og mål. Fokuset i økta var å luften og skildre

ulike prosjekter og prosjektideer både fra norsk og svensk side, slik at andre kunne vurdere interesse for samarbeid. I tillegg var det et mål å få koblet sammen konkrete navn og personer fra det norske og svenske miljøet, både blant de som deltok og fra resten av forskergruppa. Det viste seg at det var mange berøringspunkter mellom prosjekter i de ulike fagmiljøene, og det ble også ytret ønske om et gjenbesøk fra Malmø til Trondheim. Økta fikk derfor et fint og optimistisk preg, og førte til mange gode faglige samtaler.



Øverst til venstre: Jakob Maliks taler engasjert (ved søylen), Lise Kvande er myndig og god ordstyrer (til høyre ved tavla) og Fredrik Alvéen fra Malmø Universitet lytter med et smil. Også fotografen må dokumenteres nederst til venstre. I bakgrunnen er fra venstre Roar Madsen fra NTNU og de tre kollegene fra David Rosenlund, Mats Greiff og Cecilia Axelsson Yngveus fra Malmø Universitet. Professor Greiff var akkurat i ferd med å tiltre som instituttleder, så dette seminaret må ha vært blant hans første embetsgjerninger.

På kvelden om onsdagen var flere av kollegene fra Malmö Universitet invitert til en bedre middag på en restaurant på Lilla Torg. En del av de inviterte måtte melde avbud, men vi fikk likevel en sosial og nyttig samtale mellom oss og representanter fra fagmiljøet i Malmø. I tillegg hadde

middagen en viktig sosial funksjon, gjennom at vi ble bedre kjent med kollegene fra Bergen og Stavanger.

Torsdag morgen samlet den norske gruppa seg igjen på et reservert møterom på campus Niagara ved universitetet. Her gikk Lise Kvande gjennom prosessen rundt å søke forskningsmidler til HIPOLS fra NFR. Tiden før lunsj ble brukt til en ide- og arbeidsdugnad der vi skrev skisser til deler av søknadsteksten. Dette var en veldig nyttig prosess, fordi svevende ideer og formål måtte konkretiseres i skriveprosessen.



Skrivestund under ide- og arbeidsdugnaden. Øverst Lise Kvande og Jakob Maliks. I midten Roar Madsen, med en engasjert Per Overrein i bakgrunnen. Nederst Lise Kvande foran Helga Bjørke Harnes, som er i ferd med å tøye skikkelig ut ...

Etter lunsj i kantina var det tid for presentasjoner av konkrete arbeider med artikler i ulike stadier av

forskningsprosessen. Helga Bjørke Harnes presenterte PhD-prosjektet sitt *Inquiry-Based History Education with Microhistorical Sources*. Peter Mørk [medforfatter Marthe Lønnum] presenterte artikkelen «Ja, da er det jo sant, da! I ei lærebok skriver de jo ikke bullshit!» - kildearbeid i samfunnsfag på ungdomstrinnet, som er innsendt til fagfellevurdering.

Førstelektor Per Overrein [medforfatter Roar Madsen] avsluttet seansen med å presentere artikkelen *Om partipressens korporative system og et søkelys på seks høyrepresseaviser som strukturelle partiorganer*, som har vært fagfellevurdert og er hos forfatterne til sluttrevisjon. Etter hver av presentasjonene kom resten av gruppa med tilbakemeldinger og innspill på presentasjonen, på innsendt tekst og på det overordnede prosjektet.



Per Overrein presenterer partipressens historie, med vekt på forståelsen av avpartifiseringen i høyrepresen.

Under den siste torsdagssejsjonen presenterte Roar Madsen ILUs forventninger til forskergruppene i følge den strategiske planen og handlingsplanen fram til og med 2021. Etter presentasjonen og en diskusjonsrunde, avsluttet Jakob Maliks sesjonen med en oppsummering og diskusjon av status for forskergruppa, dens forskningsinteresser og utfordringer, i lys av forskerseminaret i Malmø og møtet med svenske fagkolleger. Dagen ble

avsluttet med en sosial middag på en restaurant i Malmø sentrum.

Den siste dagen (fredag)


innledet Jakob Maliks med en økt om egenprofilering og CV i arbeid med opprykk og EU-søknader. Her viste han fram en før- og en etterversjon av den reviderte CVen til en post-doc han har vært mentor for. Dette ledet til en nyttig diskusjon om hva slags kompetanse det er viktig å synliggjøre, og hvordan en best gjør det. Vi diskuterte også hvordan HIPOLS kan lære av dette og hvordan de deltagende partene og helheten i forskergruppa kan profileres i en større prosjektsøknad.

Etter denne økten kom Frederik fra fagmiljøet i Malmø innom og vi tok en runde på å oppsummere dagene og hvordan vi i det videre arbeidet kan koble fagmiljøene i Norge og Malmø tettere sammen.



Forskere er ikke avhengige av gangfelt for å krysse veien.

Da vår tilmålte tid var over, var det på tide å vende nesa mot Malmø C for lunsj, før vi tok toget tilbake til Kastrup og fly tilbake igjen til Norge etter tre givende døgn i Malmø.



På vei mot Malmø C og den lange turen til Trondheim

FAKTA OM FORSKERGRUPPA HIPOLS – HISTORIE, POLITIKK OG SAMFUNNSUTVIKLING

Forskergruppa er nyetablert (august 2018), og presenterer seg selv på nettsidene <https://www.ntnu.no/ilu/hipols> illustrert av det ikoniske bildet **La Liberté guidant le peuple**, Eugène Delacroix 1830) til minne om júlirevolusjonen i Frankrike samme år.

Om seg selv skriver de på nettsidene sine:

«Forskargruppa HIPOLS – Historie, politikk og samfunnsutvikling - har utspring i samfunnsfagseksjonen ved Institutt for Lærarutdanning ved NTNU. Medlemer er vitenskapleg tilsette med historiefagleg, statsvitenskapleg, sosiologisk eller annan relevant samfunnsvitenskapleg eller humanistisk fagbakgrunn ved seksjonen med interesse for emna HIPOLS arbeider med.

Siktemålet med HIPOLS er å fremja disiplinfagleg, fagdidaktisk og skule- og lærarutdanningsrelevant forskning. Vidare er målet å styrkja dei forskingsbaserte undervisningstilboda i alle lærarutdanningar for historie og samfunnsfaga i skulen og å tilby fagleg rettleiing på BA/FoU-oppgåve-, master- og ph.d.-nivå. Dei faglege interesseområda for forskning, undervisning og rettleiing for gruppa ligg innanfor tre breie tematiske klynger, som på fleire område overlappar kvarandre:

1. Offentlegheit, meiningsdanning, samfunnsutvikling og samfunnskritikk
2. Danningshistorie, danningsspolitikk, skulefag og lærarutdanning
3. Teoretiske og metodologiske inngangar til samfunnsfagdidaktikken

Forskargruppa skal og vera aktiv i vitenskapleg og populærvitenskapleg formidling og i utviklingsarbeid, og i nasjonal og internasjonal fagleg nettverksbygging som fremjer desse føremåla.»



Forskergruppa er åpen for medlemskap fra ansatte på NTNU og andre institusjoner innenfor høyere utdanning i inn- og utland. I tillegg er HIPOLS også åpen for andre med relevant bakgrunn:

«Interesserte lærarar og skuleleiingar kan og vera tilknytt forskargruppa. Masterstudentar som får rettleiing av HIPOLS-medlemer med prosjekt som høyrer til forskargruppa, kan og knyttast til gruppa.

Forsargruppa arrangerer kvart semester ein seminarserie, i denne vert både prosjektidear, søknadsutkast, manusutkast og tematikkar som er viktige for å byggja infrastruktur rundt forskinga, undervisninga, rettleiinga og formidlinga vår, diskutert.

Forsargruppa siktast mot forskings-finansiering frå Institutt for lærarutdanning, SU-fakultetet, NTNU, Noregs Forskringsråd og andre nasjonale og internasjonale kjelder for forskingsfinansiering.»

Styret for forskargruppa er førsteamanuensene Roar Madsen (leder) og Lise Kvande, og dessuten professor Jakob Maliks. I øyeblikket oppgir styret at gruppa har 13 vitenskapelig ansatte fra Institutt for Lærerutdanning NTNU som medlemmer, og i tillegg kommer 10 fra andre norske institusjoner enn NTNU. Styremedlem Lise Kvande mener det er bare et tidsspørsmål før flere forskere fra Sverige og Danmark deltar aktivt i forskargruppens virksomhet. For tiden er disse med:

- Førsteamanuensis Roar Madsen, ILU-samfunnsfag, NTNU, leder
- Professor Jakob Maliks, ILU-samfunnsfag, NTNU, styremedlem
- Førsteamanuensis Lise Kvande, ILU-samfunnsfag, NTNU, styremedlem
- Universitetslektor Lars Busterud, ILU-samfunnsfag, NTNU
- Universitetslektor Peter Mørk, ILU - skrivesenteret, NTNU
- Universitetslektor Gunnar Grut, ILU-samfunnsfag, NTNU
- Professor Yngve Skjæveland, ILU-samfunnsfag, NTNU
- Førsteamanuensis Reidun Heggem, ILU-samfunnsfag, NTNU
- Førsteamanuensis Oddveig Storstad, ILU-samfunnsfag, NTNU
- Universitetslektor Christian Engen Skotnes, ILU-samfunnsfag, NTNU
- Førstelektor Per Overrein, ILU-samfunnsfag, NTNU
- Stipendiat Stine Johansen Utler, ILU-samfunnsfag, NTNU
- Universitetslektor Martin Veier-Olsen (stipendiat fra aug 2019), ILU-samfunnsfag, NTNU

NTNU-eksterne medlemmer per 1. februar 2019:

- Førstelektor Håkon Rune Folkenborg, UiT - Norges arktiske universitet
- Ph.d.-stipendiat Helga Bjørke Harnes, NLA Høgskolen, Bergen
- Fyrstelektor Ann Kristin Larssen, Forsvarets Høgskole – Luftkrigsskolen, Trondheim
- Professor Oddmund Løkensgard Hoel, Høgskulen på Vestlandet, Sogndal
- Viserektor Nils Petter Lie-Gjeseth, Den norske skole Costa Blanca
- Fyrsteamanuensis Sissel Rosland, Høgskulen på Vestlandet, Bergen
- Universitetslektor Leif Sletvold, Universitetet i Sørøst-Norge
- Professor Marie Smith-Solbakken, Universitetet i Stavanger
- Professor Hans Jørgen Wallin Weihe, Høgskolen i Innlandet
- Dosent Erik Bratland, Nord Universitet, Nesna

Forskergruppen er nå i full sving med å utvikle to ulike NFR-prosjektsøknader til søknads-fristen 10. april 2019.

Det ene av disse prosjektene har fått tittelen: *“Educating for social equality - Place matters”* og skal studere noen sentrale spørsmål knyttet til sentrum-periferidimensjonen i skolesammenheng. Hovedansvarlige for dette prosjektet er førsteamanuensene Reidun Heggem og Oddveig Storstad

Det andre prosjektet vi vil søke om prosjektmidler fra NFR til, har fått navnet *Concept Understanding and Reasoning in Social Studies Education (COURSE)*. Førsteamanuensis Lise Kvande er prosjektleder, og professor Yngve Skjæveland og førstelektor Per Overrein er blant de sentrale i søknadsutviklingen.

I tillegg satser HIPOLS på å utvikle en fellesnordisk søknad til eksplorerende Workshops til søknadsfristen i mars 2020 eller mars 2021 i samarbeid med institusjoner i minst to andre nordiske land – under overskriften «*Samfunnsfaga i Norden i tid og rom*». Fra HIPOLS side er Roar Madsen ansvarlig, og en sentral partner i dette prosjektet vil være universitetslektor [= førsteamanuensis i Sverige] David Rosenlund ved Malmö Universitet.

Til slutt sikter HIPOLS mot å bygge opp en *samfunnsfaglærerminnesamling* med intervjuer om ulike læreres fortellinger og refleksjoner omkring det De selv oppfatter som gylne øyeblikk som lærere innenfor samfunnsfagene i folkeskolen/grunnskolen eller gymnaset/videregående skole. Hovedansvarlig for dette er professor Marie Smith-Solbakken ved Universitetet i Stavanger.

Dersom du skulle ha interesse av å delta i forskergruppen og/eller har ideer eller ønsker om deltagelse i prosjektutviklingen, oppfordres du til å ta kontakt med disse hovedansvarlige eller styrets leder Roar Madsen. Alle interesserte finner kontaktdetaljer til alle de navngitte personene på forskergruppens nettside: <https://www.ntnu.no/ilu/hipols>

PHD-DISPUTAS VIDAR FAGERHEIM KALSÅS (Universitetet i Agder), 25. JANUAR 2019

E-post: vidar.kalsas@uia.no; tlf: 90816412.



Vidar Fagerheim Kalsås disputerte 25. januar på avhandlinga *Forteljingar om eigenart og undertrykking: Ein studie av undervisningstekstar om minoritetane romanifolket og romar*.

Avhandlinga handlar om korleis tematikken minoritetshistorie blir handsama i skulefaget historie. Dette utforskar Kalsås gjennom ein analyse av eit utval undervisningstekstar som omhandlar den norske minoriteten romanifolket/taterane og den svenske minoriteten romar.

Resultatet av analysen viser at det særskilt er to typar av historiske forteljingar som blir formidla om desse minoritetane, ei om undertrykking av minoritetane og ei om minoritetsgruppene

sine kulturelle eigenartar. Desse forteljingane ser Kalsås i samband med to pågåande politiske prosessar i Noreg og Sverige.

Forteljinga om undertrykking svarer på politiske spørsmål om historisk rettferd og oppreising for minoritetane, mens forteljinga om eigenart skriv minoritetane inn i

den minoritetspolitiske kategorien «nasjonal minoritet». Kalsås undersøker vidare den didaktiske utforminga av undervisningstekstane, ut frå læreplanen sin målsetjinga om å utvikle elevane sitt historiemedvit. Analysane viser at undervisningstekstane har manglar når det kjem til det å oppnå progresjon i utviklinga av elevane sitt historiemedvit.

Funna frå denne avhandlinga peikar mot at dei undervisningsressursane som er tilgjengeleg for å undervise om minoritetshistorie, ikkje i tilstrekkeleg grad klarer å integrere tematikken i ein fagleg heilskap. Dette er eit særskilt relevant funn i ljøs av den pågåande fagfornyninga i den norske skulen. Utkasta til nye læreplanar indikerer at dei nasjonale minoritetane vil få ein tydelegare plass i det fornya historiefaget. Samstundes er den overordna målsetjinga for fagfornyninga å fremje dybdelæring, der elevane skal tileigne seg visse kjerneelement i faget. Dette vil fordre eit vidare didaktisk arbeid for å integrere tematikken minoritetshistorie i skulefaget historie.

Konferansar

OVERSYN OVER KOMANDE FAGKONFERANSAR

NB: Meld gjerne inn konferansar du vil ha med i konferanseoversyn i seinare nyhende

Konferanse, stad og tidspunkt	Nettstad	Om konferansen, sentrale fristar m.m.
26th Euroclio Annual Conference and Professional Development and Training Course – “Bringing history to life”, Gdansk April 4 th – 7 th 2019	https://euroclio.eu/event/26th-euroclio-annual-conference-and-professional-development-and-training-course/	Du kan lesa meir om organisasjonen Euroclio her: https://euroclio.eu/who-we-are/
NOFA 7 [Nordisk konferanse om fagdidaktikk 7], Stockholms Universitet 13.-15 mai 2019	https://www.su.se/hsd/english/research/conferences/nofa7-nordic-conference-on-teaching-and-learning-in-curriculum-subjects-1.388889	Fagdidaktikk i alle fag, ofte mange bidrag frå dei samfunnsfaglege områda. Deltakar påmelding opna 16. februar 2019.
5th Conference of the International Research Association for History and Social Sciences Education (IRAHSSE) in collaboration with the Historein Journal Athens, 6 - 8 June 2019	http://irahsse.org/wp-content/uploads/2017/09/Athens-2019-Call-Appel.pdf	Overordna tema: “Historical Culture in and out of history education.”
Norske historiedager 2019. Tønsberg, 14. Og 15. juni 2019	https://www.usn.no/aktuelt/aktivitetskalender/norske-historiedager-2019-article218059-7373.html	Hovudtema: «Hva norsk historisk forskning har vært, og hva det kan og bør være nå?» Fristen for å melda på sesjonsbidrag og frie føredrag gjekk ut 15. januar.
Sustainable Geography – Geographies of Sustainability The 8th Nordic Geographers Meeting in	https://www.ntnu.edu/geography/ngm-2019	Early bird regi stration closes h 2019 RegistrationcloMay 22th ses 2019

Trondheim, Norway, June 16–19 2019		
SOCIOINT 2019- 6th international conference on education, social sciences and humanities. Istanbul, June 24 th –26 th	http://www.ocerints.org/socioint19	- Abstract Submission Deadline: May 24th, 2019 - Final Paper Submission Deadline: May 26th, 2019 - Registration deadline for Authors: May 24th, 2019 - Conference Dates: June 24th–26th, 2019- Istanbul, Turkey
The Seventeenth International Conference on New Directions in the Humanities, Granada July 3 rd –5 th 2019.	https://thehumanities.com/2019-conference	• Theme 1: Critical Cultural Studies • Theme 2: Communication and Linguistics Studies • Theme 3: Literary Humanities • Theme 4: Civic, Political, and Community Studies • Theme 5: Humanities Education 2019 Special Focus - The World 4.0: Convergences of Knowledges and Machines
ECPR – European Consortium for Political Research, 2019 General Conference, Wroclav Sept 4 th – 7 th 2019	https://ecpr.eu/Events/EventDetails.aspx?EventID=123	Deltakarregistrering open frå 1. April til 20. Mai. For andre fristar sjå nettadressa til venstre.
The 20th Nordic Sociological Association Conference with the preliminary title <i>The sociology of conflict: global transformations – local manifestations</i> will be held at Oslo, 5-7 August 2020.	Du vil etterkvart finna meir detaljerte opplysningar om denne konferansen på https://nordicsociologicalassociation.org/	

STILLINGSUTLYSING [UTDRAG]:

INNTIL TO HEILE FASTE STILLINGAR SOM FØRSTEAMANUENSIS/FØRSTELEKTOR I HISTORIE I LÆRERUTDANNINGANE VED HØGSKULEN I VOLDA.

Jobbnorge ID: 165392, søknadsfrist 6. mars 2019. Fullstendig utlysingstekst på Jobbnorge eller på <https://arbeidsplassen.nav.no/stillinger/stilling/35ccb860-7ea5-46ae-8593-2aab9f295e22>



HØGSKULEN I VOLDA

Om stillinga

Høgskulen i Volda lyser med dette ut inntil to heile faste stillingar som førsteamanuensis/førstelektor i historie i lærarutdanningane. Stillingane er ledig frå 1.8.2019. Stillingane er ved Avdeling for samfunnsfag og historie, Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag.

Kvalifikasjonar

Den som vert tilsett må ha master/hovudfag i historie og må dokumentere universitets/høgskulepedagogisk basiskompetanse eller praktisk-pedagogisk kompetanse på relevante fagområde. Jf. Nasjonale veiledende retningslinjer for UH-pedagogisk basiskompetanse. Med tanke på aktuelle undervisningstema i samfunnskunnskap vil mediefag i fagkrinsen vere ein fordel. Undervisningserfaring frå grunnskule og/eller vidaregåande skule blir vektlagt.

Søkaren må dokumentere utdanning, relevant arbeidserfaring og FoU-arbeid, og må presisere om ein søker stilling som førsteamanuensis eller førstelektor.

Personlege eigenskapar som samarbeidsevne, evne til å ta initiativ og arbeide sjølvstendig, god munnleg og skriftleg formidlingsevne og at ein er trygg framfor både store forsamlingar og mindre grupper vil bli vektlagde.

Undervisningsspråket er norsk, og søkaren må beherske norsk skriftleg og munnleg.

Arbeidsområde

Stillinga(ne) gjeld hovudsakleg undervisning, rettleiing og forskings- og utviklingsarbeid i lærarutdanningane, både på bachelornivå og masternivå. Undervisninga vil vere i samfunnsfagsdidaktikk i PPU, og historie og samfunnskunnskap i grunnskulelærarutdanninga 5-10. Rettleiing av lærarstudentar i praksis vil vere ein del av stillinga(ne). Undervisning på andre studietilbod ved avdelinga kan også vere aktuelt.

